

For nokre år sidan fekk eigarane av gnr 103 bnr 7 konsesjon av Lindås kommune for overtaking av eigedomen på vilkår om busetjing. Bygningane på bruket var i svært dårleg forfatning og det som ein gong var innmark, var heller vassjukt og det tok til å gro lauvskog innover denne.


Den 02,08 var underteikna på synfaring på eigedomen og det ein ser, er at eigarane no har fått rydda skog og drenert noko av innarka. Det er no kome opp nytt grindbygg på grunnane der den gamle løa hadde stått. Når det gjeld våningshuset så er det framleis i svært dårleg forfatning og knapt kan reknast som bebueleg og slik eg vurderer det så kor mykje ein legg i det, så vil ein nok ikkje kunne få det opp i det som kan reknast som standar på ein heilårs bustad.

Vi såg så etter ein stad for plasering av nytt bustadhus som landbrukskontoret kunne gje omdisponerings løyve etter jordlova for. På vedlagt kart har eg teikna inn avkjørsle og teikna inn ca plasering av huset. Det er nærare vegen enn det som vi såg på under synfaringa, men det vil vera enklare å med inngjering av hus og hage, når ein skal nytta arealet ned mot vegen som beite.

Konklusjonen er då at ein med ei slik plassering så vil vi kunna gje omdisponerings løyve etter jordlova for oppføring av nytt bustadhus på gnr 103 bnr 7

Mvh

Nils Kaalaas



- | | |
|--------------------------|-----------------|
| — Målte Grenser | Storre bustader |
| — Registrerte Grenser | Hytte/feriehús |
| - Udefinert grenser | Garasje/utrus |
| ↑ Terrengmålte grense | Industri/lager |
| ⚓ Konstruert grensepunkt | Andre bygg |
| ■ Bolig | |
| ■ Bustad m/leilighet | |
| ■ Våningsbus | |



Lindås kommune
Geodata avdeling



Dato: 2018.08.03
Sign: lini

Målestokk
1:1000

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.